



fjordvegen.no

Statens vegvesen
Vegdirektoratet

Sak 22/172229

Ny skredfaktormodell - Uttale frå Fjordvegen Rute 13

Fjordvegen Rute 13 er ein medlemsorganisasjon for Rv 13 som går mellom Stavanger og Sogndal. Fjordvegen Rute 13 arbeider for at denne vegen gjennom rassikringstiltak, oppgradering og auka vedlikehald skal verta ein trygg veg med gjennomgåande høg standard på heile strekninga.

Fjordvegen Rute 13 har følgjande uttale til framlegg til ny reknemåte for skredfaktor:

1. Fjordvegen Rute 13 tilrår at dagens modell vert vidareført.
At dagens modell har tillit i rasutsette område, i fagetatar, hjå politiske beslutningstakarar og vegfarande er essensielt for at denne bør vidareførast. Konsekvensar ved å ta i bruk ny modell allereie til ny NTP 2025-2036 er ikkje utgreidd.
2. Dersom modellen likevel må endrast, tilrår Fjordvegen Rute 13 at den framlagde nye modellen vert justert på følgjande område:

Skredfrekvens (skredsannsynlegheit) må setjast som viktigaste delfaktor. Alle registrerte skred, også over 10 skred pr år, må reknast med.

Historiske data må kunne takast med. Det må visast kva fagleg grunnlag denne delfaktoren er basert på.

Trafikkmengde (Årsdøgntrafikk - ÅDT) er viktig, men mønster av tydelege sesongmessige variasjonar må kunne takast omsyn til i denne.

Delfaktor *omkøyning* bør vurderast på nytt. Faktor må kunne fanga opp avvik i kvalitet på omkøyringsveg som ikkje er reellt alternativ for godkjente køyretøy. Pga bortfall av faktor «stengt veg pga ras/fare for ras» er denne faktoren viktig.



fjordvegen.no

Skredbreidde må vurderast på nytt og få ein lågare status. Denne faktor slår for tungt ut i samla skredfaktor, og favoriserer breie skred utan at ein kan sjå at dette aleine gjev høgare risiko enn t.d. hyppige steinsprang.

3. For å skapa tillit til modellen må talgrunnlaget vera oppdatert og synleggjerast pr same tidspunkt for alle veger som blir rangerte.
Type skred på kvart punkt må kunne visast då dette indikerer type aktuelle tiltak.
4. Økonomi: Det vert føresett at skredsikringsmidla uavhengig av modell vil rekke til å dekkja ei årleg satsing som gjev rassikring for strekk med høg og middels skredfaktor innan rimeleg tid på 12 år.

Kinsarvik, 26. oktober 2022

Med helsing
Fjordvegen Rute 13

Gerd Helen Bø /s./
Styreleiar

Jostein Eitrheim /s./
Dagleg leiar

Kopi til:

Nye veier AS
Vestland Fylkeskommune
Rogaland Fylkeskommune
Medlemskommunane i Rogaland og Vestland:
Sogndal, Vik, Voss, Ullensvang, Ullvik, Eidfjord,
Suldal, Sauda, Hjelmeland, Strand, Stavanger
Ryfylke IKS, Hardanger IKS

Nasjonal Rassikringsgruppe
Media